

UTESKULEVEKO 2024



Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
<p>Skaganeset</p> <p>Me skal på tur til Skaganeset i lag med 6. og 7. trinn. Elevane vert delt inn i grupper på tvers av trinna. Dei skal gjere ein rebus på vegen. Denne inneheld spørsmål om stadane dei går forbi.</p> <p>Mat ca. 11.00</p> <p>Etter mat vert det tid til ulike aktivitetar før me får båttransport til Skoge og går opp att til skulen.</p> 	<p>Storaskjenet</p> <p>Denne dagen skal me på tur ilag med 3. og 4. klasse. Dagen startar med aktivitetar på skuleplassen før me går mot Storaskjenet. På vegen stoppar me for meir leik og aktivitetar.</p> <p>Mat og leik ca. 10-11</p> <p>Etter mat går me til Storaskjenet og via Storåsen (Leikeskogen) tilbake til skulen.</p> 	<p>Kanopadling</p> <p>Kvar gruppe får ei økt på om lag ein og ein halv time i kano med opplæring i teknikk og sikkerhet før dei padlar ein tur.</p> <p>Den andre gruppa gjer aktivitetar på land.</p> <p>Mat ca. 11.00</p> <p>Etter mat bytter gruppene plass.</p> <p>Ta med redningsvest! Dei som ikkje har får låna av skulen.</p> 	<p>Gardsbesøk</p> <p>Me går frå skulen 8.30 til Stemhaugen. I Stemhaugen har dei sau, høns og gjess. Me vil og få helse på nokre av dyra og delta i noko av gardsarbeidet.</p> <p>Mat ca. 10.45</p> <p>Elevane skal innom tre stasjonar:</p> <ul style="list-style-type: none">- Høner og egg- Slåtten og ved- Kulturlandskap 	<p>Hald Stadion</p> <p>Me skal på fellestur med heile skulen til Hald Stadion.</p> <p>Det vert kanonballturnering. Alle gruppene på småtrinnet skal spela mot kvarandre og alle på mellomtrinnet mot kvarandre.</p> <p>Mat ca. 10.45</p> <p>Alle elevane får ein hot dog frå kiosken.</p> <p>Dagen vert avslutta med fotballkamp mellom 7. trinn og de vaksne på skulen.</p> 

Elevane må ha tursekk med matpakke og drikke med seg kvar dag denne veka. Dei må og ha kle som passar aktiviteten og været.